

Emnerapport vår 2019

Emnekode og navn:

NORAN603 – Andrespråklæring og -undervisning med vekt på barn og unge (fjernstudium)

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Fire faglærere. Den eine faglæreren var emneansvarleg og hadde ansvar for 6 av totalt 7 modular. Den andre faglæreren hadde ansvar for Modul 5, herunder rettleiing av oppgåvene i modulen. Grunna frikjøp av emneansvarleg tilsvarande 50 % vart det leigt inn to faglærere som skulle ta seg av faglege spørsmål i alle modulane og rettleiing av oppgåver i modulane 2, 3 og 4. Semesteret vart gjennomført som planlagt.

Fråfall: Det var 35 søkjarar våren 2019. 33 fekk tilbod om plass, 23 av desse takka ja. Ingen studentar trekte seg i løpet av semesteret. 23 vart vurderingsmeld til oppgåve, og 22 til skuleeksamen (inkludert blant desse var det nokre studentar frå tidlegare semester).

Tilgang til relevant litteratur: Ingen rapporterte problem.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Førre semester gjekk innlastinga av spørjeforumet stadig seinare utover i semesteret grunna den større mengda innlegg og kunngjeringar. Etter råd frå Mitt UiB-supporten vart mengda kunngjeringar sterkt redusert dette semesteret, noko som gav resultat m.o.t. innlastingsfarten.

Faglærer sin kommentar til studentevalueringane


Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via deira private epost. Det var i alt 10 respondentar av dei totalt 23 som fekk tilsendt spørjeskjema, noko som utgjør ein svarprosent på 43 %. Studentane fekk fleire påminningar om evalueringa, seinast etter at eksamen var fullført..

Studentane vart for ti av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ.


I tre av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Resultata av avkryssingssvara er som følgjer:


1. Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?




2. Framstår emnet som eit helskapeleg kurs? (Samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)




3. Kor nøgd er du med pensum?




4. Kor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?




5. Var pensummengda tilpassa kurset sitt omfang?




6. Kor nøgd er du med undervisningsmateriellet i emnet?




7. Kor stort læringsutbyte har du hatt av undervisningsmateriellet i emnet?




8. Generelt sett, kor stort læringsutbyte har du hatt av å følgja nettkollokvia?




9. Kor nøgd er du med rettleiinga på den obligatoriske oppgåva?



10. I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som fristar, eksamensordningar osv.?



Samlet status



På fritekstspørsmålet «Er det noko i undervisninga du er spesielt godt nøgd med?» trekte eit par av respondentane fram rask respons og god fagleg støtte frå faglærarane, ein del trekte fram organiseringa av studiet/pensumet i modular, nokre framheva undervisningsmateriellet (nettførelesingar, erfaringsbaserte videoar, lydfiler og videoar). Éin trekte fram at informasjonen hadde vore bra, ein annan at pensum var variert, og at det var bra å ha kollokvium, éin nemnte modulinstruksane spesielt, medan ein annan trekte fram at det var lærerikt å måtta fordjupa seg i fagstoffet i samband med den obligatoriske oppgåva.

På fritekstspørsmålet «Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?» kommenterte fleire at delar av undervisningsmateriellet framstår som noko utdatert (pensumlitteratur, videoar og lydfiler) og/eller irrelevant (språkbadsprogram i Canada). Éin respondent sakna VGS-perspektivet, ein annan etterlyste meir informasjon om læreverk i høve til teori og opplæringslova, ein annan sakna meir stoff om litteraturundervisning og munnlege sjangrar. Fleire etterlyste praktisk metodikk og tips om konkrete pedagogiske opplegg, trening i elevtekstanalyse og tilbakemelding til elevar. To respondentar sakna digitale førelesingar, éin føreslo heimeeksamen, éin ville ha hatt mindre pensum. Eit par rapporterte lite utbyte av nettleksjonane, éin meinte av diskusjonsoppgåvene ikkje genererte bryning og diskusjon, men heller copy-paste.

På fritekstspørsmålet «Har du andre kommentarar til emnet?» kom det ei rekkje ulike innspel. Dei ulike innspela er lista under (nokre innspel med beslekta innhald er slegne saman):

- lærerikt og nyttig studium
- bra pedagogisk opplegg
- treng fleire døme frå praksis, meir undervisningsrelatert opplegg
- nøgd med emnet, har lært mykje som blir nyttig i jobben som lærar
- litt for mange oppgåver på diskusjonskollokvia
- ikkje alle bidreg like mykje på diskusjonskollokvia
- nøgd med studiet
- krevjande å lesa undervisningsmaterieil på nynorsk, føretrekkjer bokmål
- ønskjer tydelegare og meir spesifikk rettleiing på oppgåva

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Tilbakemeldingane tyder på at studentane er nøgde med oppfølginga dei får av faglærarar og administrativt tilsette, og at dei i hovudsak er relativt nøgde med opplegget og undervisningsmateriellet. Noko av det som går att i dei kritiske tilbakemeldingane, er at noko av undervisningsmateriellet verkar litt utdatert. Ein bør derfor revidera pensumlista slik at ho inneheld mest mogeleg oppdatert og relevant litteratur, og ein bør søkja om midlar til å produsera nye video- og lydfiler, pluss opptak av førelesingar i form av skjermopptak eller liknande.

Vidare bør ein jobba for å sikra at alle får god og konkret tilbakemelding på oppgåve dei skriv i løpet av semesteret. Den rettleidde oppgåva er f.o.m. hausten 2019 planlagt å vera obligatorisk arbeidskrav heller enn eksamensdel, dvs. at ho skal leverast inn berre to gongar (ein gong som utkast til kollokviegruppa og ein gong som ferdigstilt til faglærar), og må godkjennast av faglærar for å kunna ta eksamen.

Oppgåvene til diskusjonsforumet kan med fordel reviderast slik at dei vert meir utfordrande og genererer meir diskusjon, men dette er ein arbeidskrevjande prosess, og kan ev. knytast til ein søknad om midlar til ein fagleg revidering/digitalisering.

I høve til ei meir praksisnær tilnærming, kan det med fordel i litt større grad tematiserast korleis teoristoffet kan 'omsettast' til praksis og komma lærar og elevar til gode – på alle nivå, inkludert VGS.

God informasjon om alle aspekt ved studiet og rask respons på spørsmål er generelt sett svært viktig i eit nettstudium der studentane er i jobb ved sida av. Tilbakemeldingane tyder på at vi i hovudsak

har lukkast med dette våren 2019, men det er heilt essensielt at fagleg og administrativt tilsette heile tida arbeider for å bli endå betre i høve til organiseringa av informasjon ut til studentane.

Statistikk frå eksamen

	Oppmeldt	Møtt	Bestått	Stryk	Snittkarakter: C
Antall	22	21	19	2	
%	100	95	86	9	
%		100	90	10	(Tallene baseres på alle resultatene for eksamen)